

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		14/1067

Saknr	Utval	Type	Dato
101/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014

### **Samarbeidsavtale mellom Bergen kommune og Masfjorden kommune - innkjøp gjennom rammeavtaler**

#### **Vedlegg:**

Mal Samarbeidsavtale 2014 kommuner

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Masfjorden kommunen inngår ein samarbeidsavtale med Bergen kommune om innkjøp av nærmere definerte varer og tenester der Bergen kommune skal inngå rammeavtaler på vegne av samarbeidspart Masfjorden kommune.**

**Kostnadane knytt til samarbeidsavtalen vert innarbeidd i driftsbudsjettet for 2015.**

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn**

Kommunane i Nordhordland har i år delteke i prosjektet e-handel og vil løpet av november ha sendt sine første e-bestillingar. Dette prosjektet er initiert av økonomisk støtte frå Difi og praktisk bistand frå Bergen kommune. Den enklaste måten å bruke e-handelsplattforma på er å bestille ut frå ein rammeavtale. Masfjorden kommune fekk difor tilbod om å vere med på ein rammeavtale (papir og kontorutstyr) gjennom den såkalla Bergensavtalen. Dette var eit eingongstilbod til dei kommunane i Nordhordland som ikkje var med i innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune frå før. Det er no inngått ein rammeavtale med Staples som gjeld for 3 år.

##### **Fakta**

Formålet med ein samarbeidsavtale med Bergen kommune som gjeld innkjøp er å effektivisere innkjøpsprosessen med det mål å redusere kostnadane. Masfjorden kommune vel sjølv kva rammeavtaler me vil vere med på etter kvart som Bergen kommunen reforhandlar dei gjeldande avtalane så det vil gå nokre år (2-3) før me kan få vere med på dei avtalene som er aktuelle for oss.

Prisen for å vere med på ein slik samarbeidsavtale er for år 2015 sett til kr 91 000 eks mva.

## **Vurdering**

Behov for (ramme)avtaler skjer når kostanden for innkjøpet over eit kalenderår – samla sett for heile kommunen - når terskelverdiane 100 000 og 500 000. Masfjorden kommune når nok desse terskelverdiane for mange av sine innkjøp allereie i dag og har – gjennom IKTNH - fått på plass avtalar som gjeld telefon, datautstyr og kopimaksinar. Det er ikkje naturleg at innkjøpskompetansen hjå IKTNH vert nytta til anna enn det som er deira hovudområde. Kvar kommune må difor ha eigne rutiner for innkjøp av ikkje IT-relaterte varer og tenester.

Gjennom Ehandelsplattforma kan ein bestille både varer og tenester, ein kan nytte seg av framforhandla avtaler eller ein kan skrive inn fritekst. Ein kan også handle på nettbutikkar. Ulempen med nettbutikkhandle og fritekst av varer og tenester som det ikkje er avtale på, er at ein ikkje har kontroll på kva tid ein eventuelt når terskelverdiane. Det vert difor lagt inn ei grense for fritekstinnkjøp gjennom E-handelsplattforma.

Systemet krev at ein konterer innkjøpa før dei (elektronisk) vert godkjent av budsjettansvarleg og ein vil slik få betre budsjettkontroll. Systemet krev også at det vert gjort varemottak. Elektronisk faktura vil då gå gjennom system utan ytterlegare kontroll noko som i stor grad vil effektuere fakturaarbeidet .

Kommunen kan vere med i eit innkjøpssamarbeid der andre framforhandlar avtaler samstundes som me framforhandlar avtalar med lokale leverandørar. Dei lokale avtalene må gjelde innkjøp av andre varer og tenester enn det som vert forhandla gjennom dei avtalene me vel å vere med på gjennom Bergensavtalen. Ein vil difor ikkje ekskluderer lokale leverandørar sjølv om ein inngår ein samarbeidsavtale.

Bergen kommune vektlegg miljø og andre sosiale omsyn i samband med innkjøpsprosessane. Dei har difor klare rutinar for eksempelvis å ikkje støtte barnearbeid men heller oppfordre til «rettferdig handel».

Gjennom ein samarbeidsavtale kan ein få rammeavtaler med eit tilpassa vareutval til betre prisar enn dei ein einskild kommune klarer å oppnå åleine.

E-handelsplattforma vil vere eit godt verktøy til å gjennomføre sjølve innkjøpet, men rådmannen vurderer det slik at prosessen med å inngå og reforhandle (ramme)avtalar er så ressurskrevjande at me vanskeleg vil få til gode rutinar sjølv utan at det vert tilsett fagperson til dette arbeidet. Utan eit samarbeid med Bergen kommune vil ein difor ikkje få nytta e-handelsverktøyet optimalt.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår difor til at Masfjorden kommune inngår ein samarbeidsavtale med Bergen kommune om innkjøp av nærmere definerte varer og tenester der Bergen kommune skal inngå rammeavtaler på vegne av samarbeidspart Masfjorden kommune. Prisen for å vere med på ein slik samarbeidsavtale er for år 2015 sett til kr 91 000 eks mva og denne kostnaden vert innarbeidd i driftsbudsjettet.

## **Formannskapet - 101/2014**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom sak.

**Røysting:**

Framlegg frå rådmannen vart samråystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommunen inngår ein samarbeidsavtale med Bergen kommune om innkjøp av nærmere definerte varer og tenester der Bergen kommune skal inngå rammeavtaler på vegne av samarbeidspart Masfjorden kommune.**

**Kostnadane knytt til samarbeidsavtalen vert innarbeidd i driftsbudsjettet for 2015.**